

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
035/23	Formannskapet	PS	03.05.2023
036/23	Heradsstyret	PS	10.05.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Roald Hovden	18/857

Samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion (VBR) - Kommunalt oppgåvefelleskap, KOF

Vedlegg:

Samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KOF
Vest brann- og redningsregion KOF - Samarbeidsavtale.PDF

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune vedtek samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefelleskap.

Formannskapet - 035/23

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Osterøy kommune vedtek samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefelleskap.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vest brann- og redningsregion (VBR) som omfattar kommunane Askøy, Austevoll, Bergen, Bjørnafjorden, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Osterøy, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss og Øygarden vart oppretta som et § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova.

Fristen for omdanning til ei lovleg samarbeidsform (kommunalt oppgåvefelleskap eller interkommunalt selskap) er fire år etter at den nye kommunelova trådte i kraft, som betyr at fristen er hausten 2023.

Årsmøte og styre i VBR har handsama saka og sendt den over til deltakarkommunane med likelydande forslag til vedtak til å omdanna Vest brann- og redningsregion Bergen region til eit interkommunalt oppgåvefelleskap (KOF).

Vurdering

Rådmann har ikkje eigne vurderingar, men syner til vedlagt skriv datert 28.03.2023 og

samarbeidsavtalen godkjent av styret 16. mars 2023.

Folkehelse

Ikkje spesielt vurdert.

Miljø

Ikkje spesielt vurdert.

Økonomi

Ikkje spesielt vurdert.

Konklusjon

Rådmann rår til at Vest brann- og redningsregion vert omdanna til kommunalt oppgåvefelleskap og samarbeidsavtalen vert godkjent.